

– Menneska er viktigast for norsk landbruk

Professor Dag Jørund Lønning håper lokalsamfunn og møteplassar vil få meir plass i landbruksdebatten framover.

– Det vert nesten ikkje snakka om lokalsamfunnet, miljøet og møteplassane. Det er tall som står i fokus. Me veit at dette med fagmiljø og lokalsamfunn er avgjerande for å oppretthalde interessa for landbruket, seier Lønning.

Mange kjenner han som professor og rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling (HLB).

Han peikar på at interessa for landbruk ofte er størst der det finst eit levande landbruksmiljø, og bønder kan snakke saman om kvardagen på garden.

– Møteplassar har vore viktig før, og blir endå viktigare i landbruket framover, understrekar han.

Koplinga mellom landbruk og distriktpolitik

Regjeringa har teke til orde for at koplinga mellom landbruk og distriktpolitik skal forsvinne, dette trur professoren er feil veg å gå.

– Stadig fleire bønder er mykje åleine. Det er viktig at folk har menneske rundt seg, og kan sjå ljøs i glasset i nabohusa, seier Lønning, og held fram:

– Grunnen til at ein har eit så oppegående landbruk på Jæren, er at ein har eit aktivt fagmiljø. Det sterke

jærlandbruket er skapt av menneske i fellesskap.

Lønning viser til at mykje av utviklinga kjem av seg sjølv i landbruket, slik som til dømes høgare avdrått og auka bruk av teknologi.

– Fagmiljø, lokalsamfunn og fellesskap kjem ikkje av seg sjølv. Det er nesten skremmande at me ikkje snakkar meir om det. Kor blei mennesket av? Spør Lønning.

Går mot straumen

Professoren har hausta mange positive tilbakemeldingar for sitt engasjement for menneska og lokalsamfunna, som ein del av landbruket.

– Mange kjenner seg for små, og ikkje gode nok til å satse vidare på landbruket. Det er tøft å gå åleine med slike tankar, fortel professoren.

Han oppmodar alle til å finne dei gode møteplassane, og ser det som svært positivt med kombinasjon av sosiale og faglege arrangement.

– Det er vesentleg at ein gjer det, ingen gjer det for oss. Me må få tilbake fokus på mennesket. Det er så viktig, understrekar Lønning.

Han har nokre oppdrag for EU-kommisjonen, og ser at dei europeiske landa prøver å ta tilbake mykje av det miljøet det norske landbruket framleis har.

– Møteplassar har vore viktig før, og blir endå viktigare i landbruket framover, seier Dag Jørund Lønning. (Foto HLB.)

Sosialt kombinert med landbruk er nøkkelen til suksess for denne studieringen. (F.v.) Eirik Hinnaland, Knut Magne Time, Nils Oma, Torulv Time, Jone Fosse, Terje Taule, Arne Berge og Krisitian Vinningland. Livar Nedrebø var ikkje med på biletet.

– Det sosiale er viktig

Då studieringen starta opp hadde dei fagleg opplegg frå Bondelaget, no er det ikkje noko fastsatt program. Det viktigaste er å kome saman for å drøfte dei daglege utfordringane som bonde. Dei møtast andre onsdagen i månaden heile året, med unntak av juli. Som regel er dei fulltalige.

– Kor lenge kjem de til å ha denne studieringen trur de?

– Den sosiale faktoren er svært viktig her. Det er tre bønder rundt bordet som ikkje har aktiv drift, men framleis er med i ringen. Me ser ingen ende på dette, seier Kristian.

Tema rundt bordet er kjøp og sal av mjølkekvotar, og oppsett av nye gjerder.

– Det er klart at dette betyr ein del for miljøet. Eg ser rundt dørene heime kor mange som bygger og satsar på landbruket, det er reine mjølkevegen, seier Livar Nedrebø.

